

MENNINGER

FULLT NAVN. Innlegg på trykk skal være signert med fullt navn. Anonyme innlegg godtas bare unntaksvis, når det kan underbygges med helt spesielle behov for å være anonym. Du kan også lese mening-innleggene på nettavisen under www.hamardagblad.no. SKRIV KORT. Innlegg som er kortere enn 280 ord slipper først fram i køen. Alle innlegg må leveres som e-post til mening@hamardagblad.no eller SMS til 2097. Kodeord: HD.

Språkåret 2013 - frå tilskodarar til deltakar

No er det i gang, Språkåret 2013! «Språkåret 2013 skal bli ei raus, inkluderande og samlande feiring av språklege skilnader og språkleig mangfald», seier prosjektpånen for Språkåret.

«Alle har eit språk, og Språkåret vender seg til alle. Vi vil gjere tilskodarane til deltakarar», står det òg. Dette kan kanskje verke litt merkeleg. Sjølv sagt har vi alle eitt eller fleire språk, og vi bruker språk meir eller mindre kvar dag. Men korleis kan dei påstå at vi er tilskodarar og ikkje deltakarar - enno?

Det er nok ikkje menninga at ein skal ta dette bokstavelig. Sjølv sagt deltek vi i samtalar og er språklege deltakarar. Men er dei fleste særleg bevisste på korleis dei bruker språket? Er ein bevisst på korleis andre bruker språket? Er ein bevisst på kor mange sosiolekter, dialekter og nærskylde språk ein høyrer rundt seg? Ein alle framandspråka? Berre det siste tiåret har om lag 200 språk vore i bruk i den norske kvardagen, står det i prosjektpånen for Språkåret. Er ein verkeleg interessert i språket på den andre sida? Språket til den eller dei andre? Eller er det nok at ein skjønner kva som blir sagt eller skrivne, og så har ein nok med seg sjølv? Sidemålsdebatten i Noreg føregår til dømes mykje på dette planet: Eg skjønner jo kva som står der; korfor skal eg bruke tid på dette på skolen? Dette gjeld ikkje meg. Når det gjeld minoritetsspråklege, vil mange automatisk berre seie: snakk norsk!

Deltakarar deltek. Ein vel å involvere seg i teksten ein les eller høyrer; ein involverer seg i samtalepartnaren.

Ein tilpassar seg. Kommunikasjon handlar om sendarar og mottakarar, og rollene skiftar vanlegvis relativt jamnt i ein vanleg samtale. Det er vanskeleg å vere berre tilskodar. Men det er faktisk ikkje alltid så lett å vere ein aktiv deltakar. Er vi gode lyttarar? Er vi gode lesarar? Er vi eigentleg gode tilskodarar?

Å vere deltakar handlar om å ta ei rolle, men det handlar òg om å gjere andre ei rolle og å ha respekt for den andre. Språk på si side er viktig for å kunne formidle tankar, menningar, haldningar; det handlar om å kunne uttrykke seg overfor andre samfunnsmedlemmar, og det handlar om å delta aktivt i eit samfunn.

Noreg har ei litt spesiell språkhistorie. På grunn av den politiske situasjonen heilt tilbake frå mellomalderen og fram til 1814 og 1905 har ein hatt eit anna offisielt skriftspråk eller statsspråk enn det som var det eigentlege talemålet til innbyggjarane. Sjølv om mange etter fleire hundre år med dansk som skriftspråk aksepterte situasjonen, var dette skriftspråket samtidig ofte eit problem for andre. Det var ikkje alle som las like mykje, og det var ikkje alle som møtte danskalande eller dansk-norskstalande særleg ofte. Det var heller ikkje vanleg at «folk flest» kunne delta i politiske samanhangar.

Det som skjeddde i Noreg, var på mange måtar eit resultat av både filosofi og politikk lenger sør i Europa; opplysningstida og den franske revolusjonen førde til at vanlege innbyggjarar etter kvart gjekk over frå å vere tilskodarar i eit monarki til å bli deltakarar i eit demokrati. Det er òg så desse hendingsane som var utgangspunktet

til Ivar Aasen. Som ein kan lese i prosjektpånen til Språkåret 2013: «Sjølv grunn tanken bak landsmålet var å demokratisere språket og å gjere politisk deltaking mogeleg for folk flest. Denne ideen står seg godt 170 år seinare, og det er i ettertid mange som har fått lovlesta rett til å lære og bruke morsmålet sitt i ulike samanhangar. At språket er med på å mogleggjere demokratiet, er ein både krevjande og enkel idé, og her det mange viktige spørsmål Språkåret 2013 bør løfje fram. Den norske røynsla frå språkstriden gjennom 150 år er at kulturelle konflikthar kan løysast utan vald.»

Prosjektpånen meiner òg så at «Samanhengen mellom språk og demokrati finst på fleire plan. Demokratiet føreset av vi snakkar saman, at vi forstår det som blir sagt, at alle har høve til å delta i den debatten som føregår, at språket ikkje diskriminerer og at språk ikkje blir diskriminert. I 2013 er det hundre år sidan Noreg innførte allmenn røyserett, og året etter feittar vi 200-årsjubileum for Grunnlova. Språkåret 2013 bør ta mål av seg til å utfylle og utvide desse jubilea ved å peike på dei mange samanhangane mellom språket og demokratiet - ikkje minst i ein fleirspråkleg og fleirkulturell kontekst.»

Det er mange som kjem til å delta aktivt i Språkåret 2013 på ein eller annan måte. Lytt litt ekstra til kva samtalepartnaren din ønskjer å formidle; bruk litt ekstra tid på teksten du held på å lese; snakk om språk; problematiser, diskuter, filosofier; inkluder - delta, du òg.

JENS HAUGAN, Hamar dialekt- og mällag

Hvor høye kan bølgene på Mjøsa bli?

Mjøsa har alltid fascinert meg, spesielt i «storm» når Mjøsa går kvit og bølgene ruller tungt mot standen. Og jeg har undret: Hvor høye kan bølgene bli? Men ingen har kunnet gi et pålitelig svar.

Da jeg flyttet tilbake til Hamar for flere tiår siden,

(som kalles «strøko»), er avgjørende for hvor høye bølgene kan bli. Det var bølgehøyden utenfor Storhamarstranda på Hamar jeg var interressert i å beregne. Her er det åpent vann sørøver helt til Skreikampen, et «strøko» på over 20 kilometer. Mellom Tøten og Stange er imidlertid

på 1,4 m i gjennomsnitt én gang hvert 10. år. Og én gang hvert 25. år kan vi forvente en karakteristisk bølgehøyde på 1,6 m.

Man beregner altså såkalt karakteristisk bølgehøyde som er middelverdien av høvdene til den høveste